

Taxi 1 AS  
Org nr 987 061 480  
Postboks 2420 Drotningstveit  
5258 BERGEN

Dato: 26.02.2014  
Dykkar ref.:  
Vår ref.: 2014/11903-2

## Søknad om overtaking av ruteløyve og søknad om dispensasjon frå løyveplikt

Vi viser til Dykkar brev motteke 10.02.14 med søknad om overtaking av Flybussbergen.no AS sine ruteløyve ,og brev av 20.02.14 med søknad om dispensasjon frå løyveplikt.

De skriv i innleiinga at De i dag i all hovudsak drifrar dei aktuelle ruteløyva, m.a ved å stå for både administrasjon og bussar. I yrkestransportforskrifta § 20 heiter det: «*Et løyve kan ikke overføres til et annet rettssubjekt uten samtykke fra løyvemyndigheten. Løyvehaver kan heller ikke uten samtykke fra løyvemyndigheten overlate til annet rettssubjekt å administrere eller drive hele eller deler av virksomheten.*» Fylkesutvalet er løyvestyresmakt.

I § 2 i forskrifta heiter det m.a «*den som mot vederlag vil drive [...] persontransport i rute med motorvogn [...] må ha løyve fra vedkommende løyvemyndighet.*» Løyvemyndighet er Hordaland fylkesutval. Taxi 1 AS har i dag ikkje ruteløyve. Ein eventuell rutetransport i regi av Taxi 1 AS innan søknaden om ruteløyve er handsama, vil i så fall vere lovstridig.

I følgje yrkestransportforskrifta §§ 6-10, 24 og 36 siste ledd, må følgjande dokument vere vedlagt søknad om ruteløyve eller dispensasjon frå løyveplikt:

1. Politiattest i original for dagleg leiar. (Papirdokument.)
2. Attest frå kommunekasserar eventuelle restanse på skatt/avgift mv.
3. Attest frå skattefut om restanse på skatt/avgift mv.
4. Stadfesting frå konkursregisteret.
5. Forslag til ruteplan.
6. Forslag til takstregulativ.

Dei ovannemnde dokumenta må vere av nyare dato enn 3 månader.

Med ruteplan meinast rutetrasear, haldeplassar og rutetider. I søknaden Dykkar viser De til Flybussbergen.no AS sin ruteplan og sitt takstregulativ. Vi må be om at De eksplisitt opplyser kva ruteløyve De søker om. Det gjeld både søknaden om permanent ruteløyve og søknaden om dispensasjon frå løyveplikta. Ettersom det ved Bergen lufthamn er ein pressa haldeplassituasjon, treng vi spesifikk klargjering av kva areal De her ønskjer å ta opp og setje av passasjerar.

Ettersom De i Brønnøysundregisteret er registrert under næringskode 52.214 *Drift av taxisentraler og annen formidling av persontransport*, ber vi og om spesifikasjon om kva vognmateriell som skal nyttast, herunder om De legg opp til å nytte same vognmateriell i drosje- og rutetransport.

Gjeld søknaden persontransport med motorvogn frå søkjar som ikkje har ruteløyve frå før, skal det og følgje med søknaden kopi av vitnemål for dagleg leiar for bestått eksamen frå ein av Samferdselsdepartementet godkjend teoretisk opplæring.

Vi kan ikkje sjå at nokre av dokumenta er vedlagt søknaden Dykkar. Vi kan ikkje handsame dispensasjonssøknaden eller søknaden om ruteløyve før vi har motteke desse dokumenta. Gebyr for handsaming av ruteløyvesøknader er for tida kr 3 400,-. Faktura vil bli sendt når sakshandsaminga tek til.

Ruteløyve er behovsprøvd. Etter gjennomgong av dei innkomne dokumenta vil søknaden bli sendt på høyring til aktuelle partar. Fylkesrådmannen vil så leggje fram sak til fylkespolitisk handsaming. De vil snarast etter at fylkesutvalet har gjort vedtak i saka få melding om innhaldet i vedtaket. De må pårekne ei sakshandsamingstid på 4 månader.

Rolf Rosenlund  
Seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*